

HARDANGERBRUA

Høgdemeter: Ca 100 moh.

Lengd: ca. 4 km

Tid: ca.15- 30 min ein veg.

Gradering: Lett

Vegskildring: Køyr fylkesveg 13 gjennom Vallaviktunnelen og ta av til høgre mot Djonno og Tjoflot rett etter tunnelen. Du kjem no til Vallavik og du skal parkere ved den store parkeringa på høgre side. Turkassa heng på ein staur ved gangvegen der den startar på vegen opp mot tunellane. Det står og ein bom her. **Det er meininga at du skal ta turen over Hardangerbrua** og gå opp til Bu evt. Du går same veg tilbake.

Turtips 1: Gå vidare på skogsvegen opp frå Vallavik og du kjem til Dalsete. Denne vegen er særst bratt! Du må gå forbi tunellkamrene for å komme innpå skogsvegen. Skogsvegen er merka, men ikkje av Granvin turlag så den kan vera noko vanskeleg å følgje.

GOD TUR!